



Aurland, 25.11.2016

Vest politidistrikt v/ Politimeisteren  
Postboks 285  
Sentrum  
5804 BERGEN

Vår ref.  
2016001105-5

Dykker ref.

Sakshandsamar  
Noralv Distad, 57 63 29 29

Arkiv  
K1 - 024, K2 - X31, K3  
- &13

## **Nærpolitireforma - høyringsfråsegn frå Aurland kommune**

Kommunestyret syner til politimeisteren sin invitasjon til høyring vedrørande forslag til endring av tenestestad- og tenesteeiningsstruktur i Vest politidistrikt. I det følgande vil kommunestyret gjere greie for sine synspunkt.

### **Vedrørande ROS-analysen**

Framlegget frå politimestaren har gjennomgående ei generalisert tilnærming. Av risiko- og sårbarheitsanalyse går det fram at;

«Sannsynligheten (...) og konsekvensen er lik for alle tjenestestedene. De beskrives derfor samlet» (ROS-vurdering, s. 12).

Dette er ein usedvanleg lettintervju vurdering av røynda. Kommunestyret stiller seg kritisk til dette arbeidet, og ber difor om innsyn i eventuelle grunnlagsdokument for risiko- og sårbarheitsvurderinga av føreslegne nedlagte tenestestader i Vest politidistrikt.

Subsidært ber kommunestyret om at det vert gjort ei ny konkret ROS-analyse for det som syner seg å vere einaste attståande vurdering; lokalisering av tenestestad(er) i Aurland / Lærdal / Årdal.

### **Om Aurland kommune sitt behov for polititenester**

I ROS-analysen er det gjengitt følgjande særeigne forhold for Aurland:

«Aurland har det 3. største antallet cruiseanløp i Norge, 163 anløp i 2016. Cruiseanløp Flåm og Flåmsbanen (1.1 mill. reisende april – oktober). Stor økning i sommertrafikken på E16 gjennom Aurland». (ROS-vurdering, s. 6)

Kommunestyret vil supplere med vesentlege moment:

- Kraftproduksjon - 3 000 GWh per år (6. størst i landet).
- Storslagen natur, med det det inneber av skred, flaum, evakuering og redningsaksjonar.
- 163 cruiseanløp (3. størst i landet).
- Flåmsbana - 800 000 reisande per år.
- Reiselivsnæring med sterkt vekst - over 10% per år.
- Folketalsvekst - 0.6% per år.
- 60 km vegtunnel (mest i verden – deriblant verdas lengste og 13. lengste)
- Og som følgje av ovannemnde;
  - over 100 særskilde brannobjekt.
  - over 20 000 besøkande per dag i sommarhalvåret.

I dette ligg det store oppgåver til politiet. Beredskapssituasjonen er ikkje tilfredsstilande med dei vaktordningane som er i dag. I tråd med intensjonane i politireforma må ein arbeide for at beredskap/responstid vert betre.

### Aurland og Årdal som framtidige tenestestader

Lensmannen i Aurland, Knut Arne Klingenberg, har sendt inn eit framlegg om Årdal og Aurland som framtidige tenestestader. Aurland kommune står dette framlegget ut frå følgjande tilhøve:

Årdal – Aurland	Reisetid 1 time
Aurland – Voss	Reisetid 1 time
Voss – Bergen	Reisetid 1 time

Vidare er det Schengen-hamn i begge kommunane (på Årdalstangen og i Flåm). I Årdal er det om lag 300 anløp/år og om lag 150 pålagde passkontrollar av mannskap. I Aurland er det omfattande trafikk frå turistskip. For politiet er det oppdrag knytta til passkontroll, orden og skadestadsleiing.

Kommunestyret vil avslutningsvis peike på at brannvesenet i Aurland allereie utfører mange politioppgåver på vegne av politiet. Dette påfører Aurland kommune ekstra kostnadar ved brannberedskapen.

Med helsing

Norvalv Distad  
ordførar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*